



RENOVEST IKS
Ordalsvegen 63
3850 KVITSEID

Sakshandsamar, innvalgstelefon
Elisabeth Hammerli, 33371204

Rapport etter tilsyn med Renovest Brunkeberg 18.04.2024

Denne rapporten omhandlar tilhøve som blei avdekt under Statsforvaltaren sitt tilsyn hos Renovest IKS, verksemdnummer: 980298019, kontrollnummer: 2024.041.I.SFVT.

Rapporten består av følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Vår vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere til gitte fristar. Nærmare skildring er gitt i del 2.

Vi avdekkja avvik som de må rette snarast

Vi avdekte følgjande avvik under tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda hadde manglar ved lagring og levering av farleg avfall
- Avvik 2: Verksemda hadde manglar ved sitt internkontrollsystem
- Avvik 3: Verksemda hadde ikkje kartlagt utslipp til vatn eller utarbeidd program for utslippskontroll

Avvik er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Renovest IKS må snarast rette opp avvika. De må sende oss ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 30.08.2024.

Vi påpeiker merknader

Vi har følgjande merknader etter tilsynet:

- Merknad 1: Verksemda kan forbetre kontroll med deklarerings utført av anna avfallsselskap
- Merknad 2: Verksemda kan forbetre avvikshandteringa



Merknad er eit tilhøve som vi meiner er naudsynt å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

De må betale gebyr

Renovest IKS må betale et gebyr på 38 900 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de svarar ut avvika kvar for seg, merkar tilbakemeldinga med saksnummer 2024/4262, og sender ho til sfvtpost@statsforvalteren.no.

Del 2: Vår vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda hadde manglar ved lagring og levering av farleg avfall

Dette er avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:

- Avfallsforskrifta §§ 11-5 og 11-8
- Avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4
- Løyve pkt. 1.1.1, 9.1.3 og 9.2.1

Skildring av krav

I avfallsforskrifta § 11-5 *Forsvarlig oppbevaring mv. av farleg avfall*, er det stilt krav til at farleg avfall skal tas hand om på forsvarleg vis, og at alle som lagrar, transporterar eller handterer farleg avfall skal treffe naudsynte tiltak for å unngå forureining eller skade på menneske eller dyr.

Avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4 pkt. 1. d og løyve pkt. 1.1.1 og 9.2.1 skildrar krav til at farleg avfall skal lagrast under tak på fast/ tett dekke, med oppsamling av eventuell avrenning.

Avfallsforskrifta § 11-8 stiller krav til at farleg avfall skal leverast minst 1 gong per år, og løyve pkt. 1.1.1 skildrar maksimal lagringstid for dei ulike fraksjonane av farleg avfall, som er 6 månader for impregnert trevirke og 12 månader for anna farleg avfall.

Avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 4, pkt. 6 stiller krav til at verksemda skal føre journal over opplysningar om mottak, lagring og vidarelevering av alt farleg avfall som verksemda mottar. Løyve pkt. 9.1.3 stiller mellom anna krav til at opplysningar om mengde avfall på lager til ei kvar tid skal dokumenterast.

Løyve pkt. 9.2.1 stiller krav til at verksemda skal ha kart over lageret med farleg avfall der det går fram kor dei ulike fraksjonane av farleg avfall er lagra.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

- a) Tre fat med spillolje med opphav frå næring var sett på lager utan oppsamlingsarrangement. Farleg avfall frå hushaldningar blir lagra i emballasjen det kjem inn med, og blir satt på lageret når dei er klare for vidarelevering. Dette avfallet står oppe i tette fat eller IBCar på lageret. Lager for farleg avfall som er klar til å leverast vidare har betonggolv og tak, og har i følgje verksemda fall mot bakvegg, men har ikkje fast oppsamlingsarrangement for behaldarar med farleg avfall. Tre fat med spillolje frå næringsverksemd sto lagra på ein pall utan oppsamlingsløyvsning for eventuell lekkasje eller spill.



- b) Asbest og syrer har blitt lagra i meir enn 12 månader på anlegget
Farleg avfall blir vanlegvis levert innan 6 og 12 månader, slik det står i løyvet, men det blei oppdaga nokre unntak under inspeksjonen.
Verksemnda opplyser at asbest har blitt lagra lenger på anlegget på grunn av at dei vil fylle opp containeren før levering.
Journalen viste at syrer ikkje hadde blitt vidarelevert kvart år.
Dette er ikkje i tråd med krav sett i løyvet og i avfallsforskrifta.
- c) Verksemnda hadde ikkje full kontroll på kor lenge alt farleg avfall har vore lagra på anlegget.
Verksemnda fører journal over farleg avfall som kjem inn frå næringsverksemder, og kva som vert levert vidare til godkjent mottak, men farleg avfall frå hushaldningar blir først journalført når behaldarar blir flytta til lageret for vidarelevering.
Behaldarane i mottakscontainer for hushaldningar har ikkje blitt journalført eller datert, og verksemnda har da ikkje hatt full kontroll på kor mykje farleg avfall som blir lagra, eller kor lenge farleg avfall har blitt lagra der. Det er ikkje i tråd med krav stilt i avfallsforskrifta og løyvet.
- d) Det er ikkje laga kart over lager med ulike fraksjonar av farleg avfall
Verksemnda har eit system for kor dei lagrar ulike fraksjonar farleg avfall i mottakscontainer for hushaldningar, men det er ikkje laga kart over lageret med farleg avfall der det går fram kor dei ulike fraksjonane av farleg avfall er lagra, slik det er stilt krav om i løyvet. Det same gjeld lager for farleg avfall som er klar til vidarelevering.

Avvik 2: Verksemnda hadde manglar ved sitt internkontrollsystem

Dette er avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 6 og 7

Løyvet pkt. 2.7

Skildring av krav

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 6 stiller krav til at verksemder skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av det vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikotilhøva. Risikovurderingar skal dokumenterast skriftleg.

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd pkt. 7 stiller krav til at verksemder skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på føresegnene fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslvgivinga. Rutinar skal vere skriftlege.

I løyvet pkt. 2.7 er det mellom anna stilt krav til at verksemnda pliktar å etablere internkontroll for verksemnda si i samsvar med gjeldande forskrift, og at verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Miljørisikovurderingar:

Verksemnda har gjennomført miljørisikovurderingar, men hadde nokre manglar:

- Verksemnda hadde gjennomført miljørisikovurderingar i 2014, og oppdatert desse i 2023, og opplyser at risikovurderingar blir gjennomgått jamleg. Det var ikkje faste rutinar på kor ofte, og ved kva for endringar/ tilhøve miljørisikovurderingane skal reviderast.



- Det blei oppdaga under inspeksjonen at risikovurderingar ikkje har blitt ajourført med omsyn til eventuell endra risiko som følge av utførte tiltak ved oppdatering/ revisjon i 2023. Til dømes er det gjort tiltak i form av lukka container for impregnerte materialar, men risikoen er ikkje endra ved revisjonen.
- Verksemda har ikkje vurdert miljørisiko ved utslepp av sløkkevatn frå ein eventuell brann.
- Verksemda har ikkje vurdert miljørisiko ved lagring av farleg avfall, til dømes avstand mellom fraksjonar med omsyn til brannfare og reaksjonar mellom stoff, behov for oppsamlingsarrangement mv.
- Det kjem ikkje klart fram i miljørisikovurderingane at verksemda har tatt omsyn til verknader ved utslepp til omgivnader/ nærliggande resipient.

Skriftlege rutinar

Verksemda har eit internkontrollsystem med skriftlege rutinar, men hadde nokre manglar:

a) Verksemda hadde ikkje rutine for lagring av farleg avfall.

Skriftlege rutinar skildra ikkje korleis verksemda sikrar at lagring av farleg avfall gjerast slik det blir stilt krav om, til dømes ved oppsamling, merking, kva slags dekke det skal lagrast på og kor ofte det skal leverast.

- b) Verksemda har ein prosedyre for mottakskontroll, men mangla skildring av kva typar farleg avfall verksemda ikkje har løyve til å ta imot. Det er sett opp skilting for publikum ved mottaket med opplysning om kva som ikkje kan leverast ved stasjonen, men det kjem ikkje fram i skriftlege rutinar for verksemda.

Avvik 3: Verksemda hadde ikkje kartlagt utslepp til vatn og hadde ikkje utarbeidd program for utsleppskontroll

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:

Løyve pkt. 11 og 14.

Skildring av krav

Verksemda skal mellom anna kartleggje/gjere greie for innhald av forureining og utføre naudsynte målingar av utsleppa, og gjennomføre ei miljørisikovurdering av desse. Frist for utgreiinga var 1.8.2023. Løyvet stiller vidare krav om at verksemda skal utarbeide eit program for utsleppskontroll innan 01.01.2024.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Verksemda har vore i kontakt med rådgivande konsulentfirma for å få kartlagt utslepp og utarbeidd måleprogram, men har ikkje starta opp arbeidet. Det er ikkje sendt utgreiing til Stasforvaltaren eller utarbeidd måleprogram. Verksemda må innan 30.08.2024 sende ein tidfesta plan for når dette arbeidet skal vere ferdigstilt.

Merknad 1: Verksemda kan forbetre kontroll med deklarerer utført av anna avfallsselskap

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Verksemda har gitt fullmakt til at Norsk Gjenvinning kan deklarerer farleg avfall frå hushaldningar for dei, men mange av desse deklarereringane er merka med opphav næring. Sidan avfallet kjem frå



hushaldningar bør det merkast med opphav hushaldning. Det er verksemda som har ansvar for at deklarerering blir gjort riktig sjølv om ein annan verksemd deklarerer for dei etter fullmakt.

Merknad 2: Verksemda kan forbetre avvikshandteringa

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Verksemda har eit system for avvikshandtering, men hadde ikkje rutinar for kva som skal meldast som avvik knytt til ytre miljø, korleis det skal gjerast, kven som skal handsame avvika mv. Det har oppstått avvik som ikkje er meldt inn i avvikssystemet, og verksemda kan blir betre på å melde avvik.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Renovest IKS må betale eit gebyr på 38 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit, og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Vi er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr av 08.04.2024, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på gebyrsatsen **innan tre veker** etter at de tok imot denne rapporten. Ein eventuell klage skal angje kva de klagar over, og den eller dei endringar de ønsker. De bør grunngje klagen og nemne andre opplysningar av betydning for saka.

Ein eventuell klage skal de sende til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Viss vi ikkje gir medhald i klagen, vil vi sende han til Miljødirektoratet for endeleg avgjerse.

Klage på gebyrsats gir ikkje utsett iverksetting av vedtaket. De må derfor betale gebyret, og dersom klagen blir gitt medhald, vil restbeløpet bli tilbakebetalt.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om de overheld gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova. Vår heimel til å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Renovest IKS sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av ein nasjonal tilsynsaksjon retta mot anlegg for mottak og mellomagring av farleg avfall i regi av Miljødirektoratet.

Frå Statsforvaltaren deltok

- Elisabeth Hammerli
- Trine Bull-Hansen



Kontaktperson hos Renovest IKS:

- Elsa Ann Hauglid, driftsleder

Andre deltakarar hos Renovest IKS:

- Dagleg leiar
- Ansvarleg for deklarerering av næringsavfall
- Driftsoperatør farleg avfall

Anlegg kontrollert

Følgjande anlegg som høyrer til Renovest IKS blei kontrollert under tilsynet:

- Renovest Brunkeberg

Tema kontrollert

Følgjande tema blei kontrollert:

- Mottakskontroll farleg avfall
- Lagring og sikring av farleg avfall
- Vidarelevering og deklarerering av farleg avfall
- Internkontroll knytt til farleg avfall
- Utslepp til vatn

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk: Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggende forskrifter
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve etter ureiningslova til drift av avfallsanlegg for Renovest IKS avd. Brunkeberg Åkragen

Dokumentasjon som blei lagt fram

Dokumentasjon som ble brukt til å verifisere faktiske tilhøve under tilsynet:

- Prosedyre ved mottak av farleg avfall
- Andre internkontrollrutinar
- Miljørisikoanalyse 2014 og 2023
- Risikoanalyse for brann

Del 4: Annan informasjon

De kan kommentere på feil i rapporten

De kan til å kommentere på **faktiske feil** i denne rapporten. De må sende eventuelle kommentarar til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark **innan to veker** etter at de tok imot rapporten.

Rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg

Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via vår postjournal på einnsyn.no, i tråd med offentleglova. Rapporten vil i tillegg bli tilgjengeleg på norskeutslipp.no.



Med hilsen

Siv Hege Wang Grøvo (e.f.)
fagsjef

Elisabeth Hammerli
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Elsa Ann Hauglid